

## Referat fra styremøte tysdag 25. mars 2014 kl. 14.00 – 20.00. Møtet ble holdt på Statens Hus på Lillehammer.

**Deltakere:** Arnfinn Beito, Anders Svare, Anne Kari Veikleenget, Tore Krogsveen, Ellen M. Sørungård Syse, Bjørn Even Stenberg og Pål Kjørstad. I tillegg møtte Sidsel Røhnebæk.

### Sakliste:

#### Sak 16/2014: Referatsaker

- Årsmøte Oppland Sau og Geit, alle styremedlemmene presenterte seg sjølve, da mange var nye i styret. Bra at så mange som 140 kom til arrangementet.
- Endeleg vedtak av årsmøteuttale:
- Forslag til uttale frå årsmøte til Oppland Sau og Geit 8. Mars 2014

#### *«Beiteprioriterte områder – en bløff*

*I likhet med resten av landet, er Oppland delt inn i rovdyrprioriterte og beiteprioriterte områder. Beitedyra skal ha fortrinnsrett i beiteprioriterte områder. Dette er en stor bløff! Rovdyra har i praksis størst prioritert på hver eneste kvadratmeter av fylket, både i innmark som i utmark.*

*Rovviltforliket sier klart at skadevoldere i beiteprioriterte områder skal tas ut. Beitebrukerne har erfart det motsatte i årevis. 60% av dokumentert tap til freda rovvilt i 2013 skjedde, ifølge FM i Oppland, i beiteprioriterte områder. Freda rovvilt kan fritt herje i beiteprioriterte områder i år etter år uten å bli fjernet. I stedet blir vi tvunget fra yrket vårt om sommeren for å dokumentere og jakte på rovdyr i den tiden det er vanskeligst. Dette er selvfølgelig også det rovviltforvaltningen ønsker. Det er på tide at vi tar styringen selv!»*

Uttala vart godkjent og bestemt at det skulle sendast til: Mattilsynet i Brumunddal, alle fylkespolitiske parti i Oppland, Klima – og Miljødepartementet og Mat- og Landbruksdepartementet.

- Referat fra styremøte 23.01.2014, godkjent av førre styre
- FM og Rovviltnemnda sine FKT-møter, Håkon møtte på Fagernes, Pål på Hunderfossen. Oppland Radiobjøllelag vart presentert som eit av prosjekta. Oppland er det beste fylket i dette temaet og brukt som mal på nasjonalt plan. Styret syntes at slike møter burde vera obligatoriske, slik at alle beitelag og landbrukskontor hadde møteplikt. Nyttig og rett at Rovviltnemnda sjølv stod for invitasjonen og møteregien.
- Foredrag på årsmøte i Møre og Romsdal Sau og Geit, Pål, tema rovvilt/beitelag.
- Foredrag og paneldeltakar på felles årsmøte for Nord- og Sør-Trøndelag Sau og Geit, Pål, tema matproduksjon/rovviltforvaltning.
- Innspel til jordbruksforhandlingane 2014, sendt inn 3/2 2014
  1. Sørge for at jordbruksforhandlingene gjør at tilskudda til småfeholdet holder seg på minimum samme nivået som i fjor.

2. Økt tilskudd til småfe på utmarksbeite.
3. Sørge for at husdyrtilskuddet også tar hensyn til 1. års produksjonsdyr og differensierte satser. Flatt tilskudd vil utradere viktige og store deler av norsk småfehold.
4. Nytt tilskudd til nydyrking.
5. Økt kulturlandskapstilskudd grovfôr for å kompensere for økte driftskostnader.

NSG har i ettertid ferdigbehandla innstillinga si til jordbruksforhandlingane, både skriftleg og i møte med faglaga og departement.

- Årsmøte Oppland Bondelag, Arnfinn møtte og hadde inntrykk av at småfenæringa/rovviltarbeidet vart lite omtala på møtet, og presiserte at Bondelaget burde gjera meir for denne delen av jordbruksnæringa, Vidare foreslo Arnfinn at rovviltansvarlege i OSG, OBS og OB burde møtast og leggja føringar for det vidare samarbeidet ikring rovviltsaker.
- Styremøte/Representantskapsmøte i NSG, Arnfinn og Pål orienterte om medlemssystemet, Jora Beitelag-saka, informasjonsutfordringar og innlegget til statssekretæren i Klima- og miljødepartementet m/påfølgjande debatt.

### **Sak 17/2014: Organisering av beitelag og tildeling av FKT-midlar 2014**

Sidsel Røhnebæk gjekk i gjennom korleis beitelaga i Oppland er organisert, og andelen av ulike selskapsformer (SA, forening). Dette sett på bakgrunn av at Brønnøysundregisteret nå enda ein gong har kome med nye føringar om dette. I 2013 gjekk Oppland frå å vera 125 beitelag til og bli 96, av dette er 80 beitelag reine saubeitelag. Vågå Avløysarlag representerer frå nå av 11 beitelag i Vågå og 6 beitelag i Sel. Elles har bl.a. både beitelag i Gjøvik, Gausdal og Lom organisert seg under eksisterande SA-foretak. 59 beitelag i Oppland er organisert som forening, 21 er organisert som SA (5 av dei er eksisterande avløysarlag) og 13 beitelag står enda som BA. Desse må finna seg ei løysning i løpet av året.

Evaluering av regionalt tilskot 2013: Ellen hadde sjekka med tala frå beitelaga i Dovre. Dei største beitelaga som nådde grensa for det «forsterka tilsynet» kom bra ut med det nye tilskotet, medan dei små laga ikkje nådde opp og kom dårlegare ut. Konklusjonen kan vera at desse i framtida kan slå seg saman med andre beitelag for å betre økonomien.

Tilskot til investeringsstøtte til tiltak i beiteområdet er som i fjor kr. 1.650.000 for Oppland. Nasjonalt ligg dette samla på kr. 11.000.000. Søknadane i år dreier seg om sperregjerder, sankekkever, ein større del storferelaterte innretningar og er generelt prega av større tiltak. Sidsel gjekk igjennom nytt om FKT-midlane 2014 og fortalte at Oppland etter munnleg attendemeldingar frå departementet skulle få «omtrent det same som i fjor.» Oppland har motteke om lag 40 søknader på ulike tiltak i denne søknadsrunden. Rovviltnemnda har dermed ikkje fått anledning til å vedta noko enda, men har sett av 1 million kr til skadefelling og 0,5 million kr til akutte tiltak. Vår eige søknad til elektronisk overvaking kan ein ikkje venta få så mykje som alle hadde håpa, da søknadane/tiltaka frå andre er både mange og kostnadskrevjande.

Vedtak: Styret i OSG vil retta spørsmål til styresmaktene om følgjande 2 saker og leggja desse ved i uttala under sak 16/2014:

1. Kvifor skal tilskot frå Organisert Beitebruk til dyr på utmarksbeite betalast ut etter sanka dyr og ikkje til antall sleppte dyr? Beitelag med rovviltutfordringar har større arbeidsbyrd med omsyn til ekstra tilsyn, leiting og andre følger, medan dei då ut frå regelen får mindre betalt for arbeidet dei legg ned, da dei mistar mange dyr og dermed sankar langt færre enn dei sleppte. Dei vert med andre ord dobbelt straffa.
2. Kvifor er ikkje FKT-potten i Oppland relatert til antall beitedyr og dei store og aukande utfordringane freda rovvilt medfører i fylket eller rettare sagt i region 3? Det er ingen tvil om at auken av bjørn og ulv i siste 5 årsperioda, i tillegg til dei årlege skadane av jerv, gaupe og kongeørn, har ført Oppland på «Norgestoppen» i skader, tap og utfordringar for beitebrukarar. Når det eingong er vedteke eit tosidig mål i rovviltforvaltninga må ein undra seg over at Oppland ikkje vert prioritert med ein høgare FKT-pott. Enkle dømer frå 2013 er at i følgje FM i Oppland vart 60 % av dokumenterte tap til freda rovvilt lokalisert i beiteprioriterte områder. I tillegg vart 1520 fleire dyr erstatta i 2013 mot i 2012.

### **Sak 18/2014: Tid og sted for årsmøte i 2015**

Innspel til årsmøtet i OSG frå styret: Vi vurderer Norddalen/Fefor som 1 alternativ, reserve Spidsbergseter

Vedtak årsmøte i OSG:

«Årsmøtehelga i 2015 ble fastsatt til 13. -15. februar 2015. Styret ble gitt fullmakt til å innhente tilbud og fastsette sted. Årsmøtet syntes at samarbeid med Hedmark eventuelt også med Sør-Trøndelag kunne være mest interessant. Dovre ble nevnt som et sentralt sted.»  
Merknad: Hedmark Sau og Geit er positive til samarbeid og Sør-Trøndelag Sau og Geit er interessert. Båe har styremøte likt med oss.

Desse hotella har gjeve tilbud:

Fefor Høifjellshotell, Vinstra, 114 rom, god plass, vanleg pris

Gudbrandsdal Hotell Spidsbergseter, mat, rutine, konferanse +, 93 rom, kr. 2680,-

Dombås Hotell, 122 rom, 1 stor konferansesal 200 pers, kr.2690,- pr. pers i enkeltrom

Quality Hotel & Resort Hafjell: 240 rom, god plass, alt av konferansesalar, kr.3140,- pr. pers.

Stadar vi har vore siste åra:

2014: Radisson Blu Resort Beitostølen, Øystre Slidre

2013: Gudbrandsdal Hotell Spidsbergseter, Ringebru – saman med Hedmark

2012: Quality Hotel Strand, Gjøvik

2011: Quality Hotel & Resort, Øyer

2010: Vågå Hotell, Vågå

2009: Quality Hotel Fagernes, Nord-Aurdal

2008: Spåtind, Nordre-Land

2007: Gudbrandsdal Hotell Spidsbergseter, Ringebru

2006: Rondeslottet, Otta

Vedtak: Styret i OSG går inn for eit samarbeid med Hedmark Sau og Geit, og at vi tek Dombås Hotell som staden for neste års arrangement. Styret drøfta Spidsbergseter som eit alternativ, men ber Hedmark Sau og Geit vurderer felles årsmøte- og seminar helg saman med Oppland Sau og Geit på Dombås Hotell som einaste alternativ til lokalitet.

### **Sak 19/2014: Arbeidsplan for 2014**

Årsmøte i OSG vedtok denne arbeidsplan på årsmøtet med disse merknadene:

«Hans Bernard Jahren ville at politisk påvirkningsarbeid eller utadrettet arbeid mot politikere skal gå inn med høy prioritet i lista. Han presiserte at rovviltarbeidet ikke måtte kuttes.

Styret i OSG gjekk i gjennom arbeidsplanen og endra den i forhold til årsmøtevedtak:

- Drive politisk påvirkningsarbeid og videreføre engasjementet i beitenæringsrelatert og rovviltrelatert arbeid.
- Innspill til jordbruksforhandlingene 2014
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som forespør og som styret ser har behov
- Bidra til god kontakt/samarbeid med NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål >1200 medlemmer også i 2014
- Oppdatering av heimesida
- Søke FKT-midler og andre midler til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Søke BSF-midler og andre midler til relevante arrangement i fylkeslaget
- Gjennomføre styremøter etter oppsatt plan
- Planlegge kontaktmøter/lokallagsledermøter og seminar/årsmøte i februar 2015
- Arbeide med utfordringer knyttet til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder

Ymse merknader og tiltak til punkta:

Sidsel delte ut ulike brosjyrar for ulike prosjekt, som styret kunne arbeida vidare med. Anne Kari viste til at ho driv ungdomskurs i regi av Oppland Gjetarhundlag, og at desse arrangementa kunne brukast som ein start. Ellen og Anne Kari vert utfordra til å koma med ein arbeidsplan for hausten på neste styremøte. Andre tema kan vera: Sambeite sau/geit og storfe. Gjerding, erfaringsutveksling, lover/plikter. Fellesprosjekt tema geit saman med Tine.

I forhold til kulepunktet om gjerder vil styret i OSG be lokallagsleiarar om å koma med innspel om lokale utfordringar om temaet. Dovre har kome godt i gang med denne prosessen i regi av Mattilsynet. Ellen prøver å leite fram dette brevet, som vi kan bruke i saka.

### **Sak 20/2014: Oppland Radiobjøllelag**

Søknader om FKT-midlar og OBB-midlar sendt med samla søknadssum kr. 800.000. Det har kome inn 236 søknadar mot 199 i fjor. Budsjett og brukaravgifter vart vedteke på årsmøtet. Både potten til FKT og OBB er den same for Oppland som i 2013 i tillegg til at søknadsmengda aukar. Vi ser for oss at vi ikkje får det vi søker om jmf. sak 17/2014, og konsentrerer oss om å dekkja marknaden når det gjeld «Findmysheep».

### **Sak 21/2014: Saker fra værring 41/avlсутvalget**

Anne Kari forklarte det nye styret korleis organiseringa er i Oppland.

Styret vart attvald på årsmøtet. Hans Petter Vaberg møtte på regionmøte og landssamling for alle regionar. Møtet var for avlsansvarlege i fylka og avlsavdelinga i NSG på Gardermoen 24/3. Enkeltsaker som vart diskutert på møtet frå Oppland: Seminverar skal klippast og ikkje «kårast oppatt» ved innsett på Staur. Med omsyn til svarte hår/svarte flekkar i fellen går

Oppland inn for ei presisering av regelverket og lik praktisering over heile landet. Inndeling av regionar i sauavlen vart diskutert, Oppland står framleis på høringssvaret sitt frå 2011 med å leggja ned regionane og ha eit breiare samansett avlsråd. Det vart foreslege eit landsomfattande møte for spælavlenn i 2015. Genetisk framgang frå 2000 til 2014 på tilvekst var i følgje Thor Blichfeldt 2,7 kg slaktevekt, fenotypisk framgang i desse åra er diverre tilnærma ingenting. Elles vart det diskutert andre eigenskapar som skulle inn i indeksberekninga, som sjukdom, holdbarhet og jurform.

#### **Sak 22/2014: Geitesaker**

Forholdstalet vart sett ned på geitemjølkkvoter 2013 med 1% (2012 2%), grunna dårleg sal på geiteprodukt i Tine. Alle besetningar i Oppland er no sanert. Sauebesetningar m/nærkontakt av sanerte geitebesetningar vert det teke blodprøver av. Tore sjekkar om konsekvensar av dette fram til neste styremøte vedrørande myndighet og ulik praksis. Han må ta kontakt med Nils Leine for å få høyra korleis dette skal gjerast i framtida. Får t.d. sauebesetningar kompensasjon for å slakta søyer med eventuelle påvist byllesjuka? Kva gjer at prøvene vert konstaterte positive og negative av ulike laboratorium?

#### **Sak 23/2014: Gjetarhundsaker**

På styremøta framover vil vi nå ha ei eige gjetarhundsak, sett på bakgrunn av at denne avdelinga no skal verta knytt betre opp mot NSG. Arne Kristoffer Sand vart vald til representant for region øst i Gjetarhunderådet. Oppland er på same vis som i saueavlenn ikkje heilt sikker på om regiondelinga i landet er rett. Region øst er stor, og Anne Kari lurte kanskje på om Hedmark og Oppland i denne samanhengen kunne sjå til region midt i staden.

#### **Sak 24/2014: Rovviltsaker**

Val av rovviltansvarleg i styret. Arnfinn Beito vart vald til rovviltansvarleg i styret og koordinerer oppgåver til andre når dette trengs.

Gaupekvota vart teke ut

Art	Kjønn	Dødssdato	Dødsårsak	Kommune
Gaupe	Hunn	01.02.2014	Jakt - Hagle	Gjøvik (N)
Gaupe	Hann	06.02.2014	Jakt - Rifle	Gjøvik (N)
Gaupe	Hann	16.02.2014	Jakt - Rifle	Vågå (N)
Gaupe	Hann	08.02.2014	Jakt - Rifle	Sel (N)
Gaupe	Hunn	01.02.2014	Jakt - Rifle	Ringebu (N)
Gaupe	Hann	23.02.2014	Jakt - Rifle	Øyer (N)
Gaupe	Hann	01.02.2014	Jakt - Rifle	Gausdal (N)
Gaupe	Hann	22.02.2014	Jakt - Hagle	Gran (N)
Gaupe	Hunn	22.02.2014	Jakt - Rifle	Nordre Land (N)
Gaupe	Hann	07.02.2014	Jakt - Rifle	Nordre Land (N)
Gaupe	Hann	22.02.2014	Jakt - Rifle	Nord-Aurdal (N)

Kvota er utvida med 2 dyr. Desse er i skrivande stund ikkje teke ut.

Møte i rovviltnemnda 13/3 2014, Arnfinn møtte, artikkel om Mattilsynet vedrørande trugsmål om beiterett er lagt ut på heimesida.

Lisenskvota på jerv: 5 dyr manglar på kvota, Miljødirektoratet sa nei til å ta ut restkvota.

Rovviltnemnda gjekk inn for at 2 dyr skal takast ut i Ringebu/Øyer. Det kan verta aktuelt med hiuttak i området mellom Vågå og Dovre dersom forhold, lokalisering og antall ynglingar

tilseier det. Beredskapsplan for ny beitesesong sett i ljøs av den aukande rovviltbestanden vart drøfta. Ingen andre har det, men OSG må ha det. Plan skal spikrast på neste styremøtet. Styremedlemmane spelar inn aktuelle punkt til Pål, som kjem med framlegg på neste styremøte.

#### **Sak 25/2014: Møte- og aktivitetsskalender-2014**

Det vart vedteke å laga ein brei møte- og aktivitetsplan for lokale, regionale og nasjonale møter og aktivitetar i året. Denne skal leggjast ut på heimesida og oppdaterast.

2014:

Møte i rovviltnemnda 15/5

Styremøte i OSG: 5/6, Otta kl. 11.00

Møte i rovviltnemnda 25-26/6

Styremøte i OSG: 10/7

Møte i rovviltnemnda 7/8

InterNorden, Gardermoen/Staur/Ringebu 11-13/8

Styremøte OSG 12/8, Spitsbergseter

Møte i rovviltnemnda 20/8

Geitedager, Skei, Jølster 22-24/8

Styremøte OSG september/oktober

NM i saueklipping og ullhåndtering, Sirdal 3-4/10

NM i bruk av gjeterhund, Ørsta 10-12/10

Representantskapsmøte NSG, 15/10, m/frammøte kvelden 14/10

Møte i rovviltnemnda oktober

Møte i rovviltnemnda 20/11

Styremøte OSG november/desember

#### **Sak 26/2014: Eventuelt**

1. Stedfortreder for sekretær ved sjukdom forfall: Ellen Sørungård Syse vart vald.
2. Sekretæravtala med Pål Kjørstad vart gjennomgått til orientering for det nye styret.
3. Søknad frå Gausdal Skytterlag om økonomisk støtte til kjøp av bjørnebane. Pål skriv svar om at vi i forhold til budsjett ikkje har midlar til slikt og ber søkjaren om å søkja FKT-midlar og eller ta kontakt med Prosjektet «Effektivisering av skadefelling» v/Anette Jørstad.
4. Oversikt over lokallag med liten aktivitet, som vil slå seg saman eller som treng eit løft:  
Øye Sau og Geit/Vang Sau og Geit har diskutert samanslåing.  
Sør-Aurdal Sau og Geit/Etnedal Sau og Geit har diskutert samanslåing.  
Sel Sau og Geit har vald heilt nytt styre og vil prøva på nytt.  
Heidal Sau og Geit har liten eller ingen aktivitet.

Lillehammer 25/3 2014, Pål Kjørstad, sekretær.